

**REGULERINGSPLAN**

**FOR**

**SJØFLYPLASS I SOGNDAL**

## REGULERINGSFØRESEGNER FOR SJØFLYPLASS I SOGNDAL.

### Føremålet med reguleringa

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for sjøflytrafikk på ein måte som tek omsyn til tryggleiken for brukarane, støy, friluftsliv, næringsliv og ferdsel.

### Planområde - Avgrensing.

Reguleringsplanen er utarbeidd for to areal.

Landingsareal i Barsnesfjorden med eit område som er 1100 meter langt og 150 meter breitt. Område startar 250 meter (senter) rett ut for Vandaneset og ender 150 meter (senter) rett nord for grensa til eigedom g/bnr. 11/5.

Lande og Lette-/Take-offareal i Sogndalsfjorden er 1800 meter langt og 150 meter breitt og starter 700 meter frå Loftesnesbrua. Områder startar i nord 500 meter (senter) rett vest for Hagalandet, og ender i sør 300 meter (senter) søraust for Skjersnes.

Reguleringsføresegnene gjeld for kart i M 25:000 merka 001, datert 24.09.97. Vedteke av Sogndal kommunestyre 01.10.97 sak.K 97/0057.

### Lovheimel

Reguleringsplanen er utarbeidd med lovheimel i Plan- og bygningslova (PBL) av 14. juni 1985 kap. IV.

### Reguleringsføremåla

Reguleringsplanen inneheld følgjande reguleringsføremål etter plan- og bygningslova § 25 fyrste og annet lekken:

*Nr. 3 Offentleg trafikkområde:*

*Trafikkområde i sjø - sjøflyplass.*

*Nr. 6 Spesialområde:*

*Friluftsområde i sjø.*

*Annet lekken:*

*Kombinerte føremål.*

## § 1

### FELLESFØRESEGNER

#### 1.1 Dispensasjon.

Planutvalet kan gje dispensasjon frå reguleringsplanen med føresegner dersom det ligg føre særlege grunnar (jf. plan- og bygningsloven § 7).

Ordførar har fullmakt til å gje dispensasjon frå tida for å letta med sjøfly i samband med spesielle oppdrag.

**§ 2****PBL § 25 ANNET LEKKEN - KOMBINERT FRILUFTSOMRÅDE I SJØ OG OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE I SJØ - SJØFLYPLASS - SL, SP1 OG SP2.**

**2.0** Områda er avsett til kombinert friluftsområde i sjø og offentleg trafikkområde i sjø - sjøflyplass. Friluftsområde er hovudføremål, områda SL, SP1 og SP2 kan nyttast til sjøflyplass i tida 1. mai - 15. september.

**2.1 Friluftsområde - Sjøflyplass for landing - SL.**

Område merka SL er avsett til friluftsområde i sjø og trafikkområde i sjø - sjøflyplass for landing med sjøfly for ikkje allmenn bruk.

**2.2 Friluftsområde - Sjøflyplass for landing og letting/take-off - SP.**

Område merka SP1 og SP2 er avsett til friluftsområde i sjø og trafikkområde i sjø - sjøflyplass for landing og letting/take-off med sjøfly for ikkje allmenn bruk.

**2.3 Fellesføresegner til SL og SP1 og SP2.**

a. Det er bare tillate å lette og lande mellom kl:

09:00 - 19:00 på kvardagar og

13:00 - 19:00 på søndagar og helligdagar/ helgedagar.

b. Det er ikkje høve til å lette etter at det har vorte mørkt.

c. All landing, letting/take-off skal skje innafør avmerkt område.

d Det er ikkje høve til å nytta meir enn eit fly på sjøflyplassen.

e. Det er ikkje høve til å nytta fly som gjev høgre flystøynivå enn 70 dBA MFN - maksimal flystøynivå - for næraste bustad ved landing eller letting/take-off.

f. Bokstav d og e gjeld ikkje ved enkelturar for gjestfly.

g. Innafor områda SL, SP1 og SP2 er det ikkje tillete med oppankring, eller anna aktivitet som direkte er til hinder for sjøflytrafikken, det er ikkje restriksjonar på anna ferdsel.

**Sogndal kommune**

.....

---

**Merknader til plan og føresegner.**

I utarbeidinga av reguleringsplanen har støy vore eit sentralt punkt. For å få ei løysing som er akseptabel i høve støy, er det sett grense for maksimal støynivå. For utrekning av støy har me nytta Kilde Akustikk AS og data frå fagtidskrift og utstyrsleverandør. Med utgangspunkt i ein standard Cessna U 206, viste det seg å vere naudsynt å dempes utgangsstøyen med 4-5 dBA, for å kome under krava på MFN 70 dBA. Endring av propell og eksosdemper kan gi ei reduksjon tilsvarande 4-6 dBA. Nærare utdyping vert å finne i planperm.